



Aukra kommune



Hustadvika kommune

Avtale om vertskommunesamarbeid mellom Aukra kommune og Hustadvika kommune – skole for ungdomsskoleelevar frå Jendem skolekrets

1. Innleiing

Avtalen gjeld vertskommunesamarbeid om ungdomsskoletilbod for elevane i Jendem skolekrets i Hustadvika kommune ved Julsundet skole i Aukra kommune. Aukra kommune er vertskommune. Hustadvika kommune er samarbeidskommune.

Som samarbeidskommune har Hustadvika kommune ansvaret for tenestetilbodet og avgjerder som blir treft av vertskommunen overfor elevar busett i Hustadvika kommune. Hustadvika kommune overfører utføring av oppgåver og kompetanse til å utøve offentlig myndigheit til Aukra kommune, slik det følgjer av denne avtalen.

2. Vertskommunesamarbeid

Avtalen er eit vertskommunesamarbeid, jf. kommunelova § 20-2. Kommunelova sine reglar om vertskommunesamarbeid gjeld for og utfyller denne avtalen.

Avtalen må vedtakast i både Hustadvika kommunestyre og Aukra kommunestyre.

I tillegg må Hustadvika kommunestyre i vedtak instruere sin kommunedirektør om å delegere myndigheit til kommunedirektør i vertskommunen Aukra. Vidare delegering frå kommunedirektør i Hustadvika til kommunedirektør i Aukra skjer gjennom denne avtalen, jf. pkt. 7.

3. Avgrensingar

Hustadvika kommune har sjølv ansvaret for elevar frå Jendem skolekrets som etter vedtak i Hustadvika kommune får sitt ungdomsskoletilbod lagt annan stad enn Julsundet skole. Desse elevane er ikkje omfatta av vertskommunesamarbeidet.

4. Nærare om avtalelengd og ev. oppseiing

Avtalen gjeld for tidsrommet 01.08.2025 til 31.07.2034.

Gjensidig oppseiingstid for avtalen er tre skoleår. Eit skoleår er rekna frå 1. august til 31. juli.

Oppseiingsfristen gjeld frå start av skoleåret etter at oppseiing er sendt.

Ved vesentleg avtalebrot kan avtalen seiast opp av begge partar med verknad 6 månader frå oppseiinga er sendt.

5. Rettar og plikter

Elevar og foreldre frå Hustadvika kommune skal ha dei same rettane og pliktene, og skal handsamast på same måte som elevar busett i Aukra kommune.

Aukra kommune plikter å gje eit fullverdig ungdomsskoletilbod som er i samsvar med gjeldande lovgiving for skole- og opplæringsområdet. I det ligg m.a. å halde tenlege skolelokale for å gje eit forsvarleg undervisningstilbod, med det inventar, utstyr, læremiddel og skolemateriell som trengst. Vidare har elevane rett til eit forsvarleg undervisningstilbod, med det omfang og den kvalitet som er fastsett i lov, forskrift og lokale retningslinjer.

Hustadvika kommune har rett til å innverke på skoletilbodet gjennom at:

- Samarbeids- og skolemiljøutvalet ved Julsundet skole blir styrka med to foreldrerepresentantar valde av foreldra til elevane frå Hustadvika. Hustadvika kommune kan ut over dette nemne opp ein politisk representant i dei nemnde utvala.
- Hustadvika kommune blir nytta som høyringsinstans i relevante saker som gjeld skolen i Julsundet
- Hustadvika kommune kvart år får tilsendt kopi av tilstandsrapporten for grunnskolen i Aukra kommune
- Hustadvika kommune får kopi av eventuelle brukarundersøkingar og tilsynsrapportar ved Julsundet skole som er relevante for ungdomstrinnet og deira elevar
- Elevane frå Hustadvika kommune meldast inn som eiga gruppe til nasjonale prøver
- Hustadvika kommune får tilgang til resultatata for dei nasjonale prøvene og kopi av vitnemåla til elevane frå deira kommune

6. Årleg møte

Det skal årleg i tidsrommet februar – april haldast eit møte mellom Hustadvika og Aukra kommune. I dette møtet skal samarbeid og skoledrift evaluerast. Hustadvika kommune er ansvarleg for invitasjon til møtet. Kommuneadministrasjonane kan om nødvendig halde fleire møte.

7. Delegering

Kommunedirektøren i Hustadvika kommune delegerer med undertekning av denne avtalen myndigheita kommunen etter gjeldande lover og forskrifter har på skuleområdet, ovanfor elevar i Jendem skolekrets, til kommunedirektøren i Aukra kommune, med dei unntak som følgjer av denne avtalen. Denne delegeringa forutset delegering som nemnt i punkt 2 frå kommunestyret til kommunedirektøren i førekant eller etterkant av signering av denne avtalen.

8. Finansiering

Alle utgifter til knytt til skoletilbodet for elevar frå Jendem skolekrets ved Julsundet skole – t.d. opplæring, skolelokale, kapitalkostnader, o.a. skal belastast Aukra kommune sitt budsjett.

Hustadvika kommune skal betale eit vederlag til Aukra kommune for ordinær undervisning, slik det går fram av vedlegg til dette avtalepunktet.

Vederlaget til Aukra kommune skal justerast ved starten av kvart skuleår basert på elevtal og kostratabell. Justering skal skje etter kostratabell 12235 (korrigerte brutto driftsutgifter i grunnskolesektoren) der funksjonane 202 (grunnskole) og 222 (skolelokale) skal brukast, etter at delen av summene som er knytt til individuelt tilrettelagt opplæring, personleg assistanse og fysisk tilrettelegging, samt forsterka opplæring i norsk, er trekte ut.

Kostnadar til tilrettelagd opplæring, personleg assistanse, fysisk tilrettelegging og forsterka opplæring i norsk skal fakturerast for seg sjølv og etter reell kostnad for sjølv undervisninga, med eit påslag på 5 % for administrasjon. Dersom tilrettelagd opplæring, personleg assistanse, fysisk tilrettelegging og

forsterka opplæring i norsk blir samordna mellom elevar frå Aukra og Hustadvika, skal kostnaden bli delt likt på bakgrunn av elevtal frå den einskilde kommune.

Eventuelle vedtak om morsmålsopplæring, opplæring i samisk eller andre særskilte vedtak som gjeld elevar frå Hustadvika kommune, skal sjåast på same måte som vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring, personleg assistanse og fysisk tilrettelegging og forsterka opplæring i norsk.

Fakturering frå Aukra kommune skal skje kvartalsvis og med 30 dagars forfall for betaling.

9. Skoleskyss

Hustadvika kommune skal sjølv organisere og betale skoleskyss for egne elevar. Skoleskyss er følgeleg ikkje omfatta av vertskommunesamarbeidet.

10. PP-teneste og tilrettelagd opplæring, personleg assistanse, fysisk tilrettelegging :

Hustadvika kommune fattar sjølv vedtak om tilrettelagd opplæring, personleg assistanse og fysisk tilrettelegging for sine elevar, og tingar gjennomføring av denne undervisninga frå Aukra kommune. Aukra kommune skal sørge for den tilrettelagde opplæring, personlege assistansen, eller fysiske tilrettelegginga.

Hustadvika kommune skal nytte sin eigen PP-teneste til sine egne elevar ved Julsundet skole. Dette av omsyn til elevane som treng tenesta, og som ofte har hatt oppfølging frå PP-tenesta i eigen kommune under tida i barneskolen.

11. Forsterka opplæring i norsk

Hustadvika kommune fattar vedtak om forsterka opplæring i norsk for sine elevar, og tingar gjennomføring av denne opplæringa frå Aukra kommune. Aukra kommune skal sørge for språkopplæringa.

12. Usemje om avtalen – skiltsdom og vernetng

Dersom det oppstår usemje om tolking av avtalen eller andre former for usemje knytt til gjennomføring av tiltak som avtalen dekkjer, skal partane møtast og forhandle om ei minneleg løysing.

Dersom forhandlingar ikkje fører fram, kan partane ved avtale velje å få tvisten avgjort ved skiltsdom om begge ønskjer det. Tvistar skal elles avgjerast ved dei alminnelege domstolane med Møre og Romsdal tingrett som vernetng.

Stad, dato Gausen 24/2-2025

Gerd Abritt Langøy

Kommunedirektør Aukra kommune

Stad, dato Fluvsveien 3/2-2025

Per Svære Esvik

Kommunedirektør Hustadvika kommune

Vedlegg til avtale pkt. 8 – forklaring til utrekning

Kostnaden pr. elev (fastpris) vert sett for eitt skoleår av gongen. Kostratabell 12235, med tala for Aukra kommune, skal nyttast. Det er talet frå føregåande kalenderår i Kostra som skal nyttast.

Eksempel: Skoleåret 2025/26 vert første året i ny avtale. I august 2025 går ein inn i Kostra og finn tala for 2024, slik:

Statistikkvariabel: Korrigerte brutto driftsutgifter per elev (kr)

Kommune: Aukra

Funksjon: 202 og 222

Summen ein finn der er det Hustadvika skal betale til Aukra minus fråtrekk for det som tidlegare er namna spesialundervisning (no tilrettelagd opplæring, personleg assistanse og fysisk tilrettelegging) og forsterka opplæring i norsk.

Berekinga av det som skal trekkast frå skal ein finne i GSI-statistikken til Julsundet skole. Pr. september 2024 er det summen timar til individuelt tilrettelagt opplæring (B4 i GSI-skjema) og summen timar til forsterka opplæring i norsk (B5 i GSI-statistikken) som summerast. Så reknar ein kor stor prosentdel dette blir av alle lærartimar til undervisning (B3 i GSI-skjema). Dette gjer ein for dei 3 føregåande skoleåra for å finne snittprosent for kor mykje av undervisninga som har vore anten individuelt tilrettelagt opplæring eller forsterka opplæring i norsk.

Eksempel: Skoleåret 2025/26 vert første året i ny avtale. I august 2025 går ein inn i GSI og finn kor stor prosentdel B4 + B5 er av B3 i GSI-skjemaet. Dersom det som eksempel skulle vise seg å vere 25 % i skoleåret 24/25, 30% i skoleåret 23/24 og 20% i skoleåret 22/23, vil snittet som skal trekkast frå kostnaden ein finn i Kostratabell 12235 vere 25 %. Om summen i Kostratabellen som eksempel var kr. 190.000 skulle 25 % eller kr. 47.500 trekkast frå. I dette eksempelet ville altså Hustadvika for ordinær undervisning (avtalen sitt pkt. 8) betale kr. 142.500 pr. elev.